

## Høyringsinnspele – ny framtidig skule- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodellar i Innlandet fylkeskommune

Frå: Iver Bakken Sperstad, sivilingeniør og PhD, Trondheim

Dette høyringsinnspelet tek for seg analysane i kap. 2.5 og kap. 2.6 av kunnskapsgrunnlaget som er lagt til grunn for saksframlegget i høyringsbrevet («Høring - Framtidig skole- og tilbudsstruktur og alternative opplæringsmodeller i Innlandet fylkeskommune», ref. 2024/9171-1). Slik analysane er lagt fram kan dei tolkast som at nedlegging av skular og skulestadar *ikkje* vil svekke gjennomføringsgraden for vidaregåande utdanning. Innspelet mitt er kort oppsummert at kunnskapsgrunnlaget som er presentert i høyringsbrevet *ikkje* gjev statistisk støtte for ein slik konklusjon. Nedanfor er nokre svakheiter, avgrensingar og føresetnadalar i kunnskapsgrunnlaget som eg meiner at dei som fattar vedtak i saka bør vere merksame på.

**1) Det er mange «forvirringsfaktorar» (på engelsk: «confounding factors») å ta omsyn til i analysen:** Analysen undersøker korleis gjennomføringsgrad samvarierer (eller korrelerer) med to faktorar: Om elevane kom inn på fyrsteinskjet sitt (kap. 2.5), og om dei er bortebuarar eller heimebuarar (kap. 2.6). Men det er fleire andre faktorar som kan påverke gjennomføringsgraden og som kan samvariere innbyrdes. For eksempel vil karakterar frå ungdomsskule vere ein forvirringsfaktor ved at den samvarierer både med storleiken ein er interessert i (gjennomføringsgrad) og faktoren ein vil undersøke tydinga av (om eleven kom inn på fyrsteinskjet). Om ein *ikkje* tek omsyn til denne forvirringsfaktoren kan analysen gje inntrykk av at det er fyrsteinskje-faktoren i seg sjølv som har stor tyding for gjennomføringsgraden.

**2) Forventingsindikatoren for gjennomføringsgrad er ein ufullstendig måte å korrigere for faktorar:** I kap. 2.5 står det at «tallene [for gjennomføringsgrad] er korrigert for forventningsindikatoren», som bl.a. skal ta omsyn til «elevenes forutsetninger». Dette kan vere ein forenkla måte å ta omsyn til forvirringsfaktorar som til dømes karakterar frå ungdomsskule som nemnt i pkt. (1), men det står *ikkje* i kap. 2.5 nøyaktig kva faktorar som er teke omsyn til eller kva metoden er for å gjere det. Frå det som står kan eg heller *ikkje* sjå at det kunne vore nok informasjon tilgjengeleg for utrekninga av forventingsindikatoren til at det hadde vore mogleg å korrigere for alle relevante faktorar. Nokre andre relevante faktorar er omtalt i pkt. (3) nedanfor.

**3) Det er fleire faktorar som gjennomføringsgrad for bortebuarar avheng av:** I tillegg til tydinga av fyrsteinskje-faktoren ser analysen i kap. 2.6 på tydinga av bortebuar-faktoren. Her konkluderer analysen med «at det ikke ser ut til at elever som bor på hybel/internat har en dårligere gjennomføringsprosent enn de som bor hjemme». Det er fleire potensielle forvirringsfaktorar i denne analysen, blant anna knytt til kor motivert den enkelte eleven er for studieprogrammet han/ho valde, i kva grad han/ho ynskte å flytte på hybel/internat, og kor lang reisevegen alternativt ville vore. Desse faktorane vil i sin tur avhenge av kva studietilbod eleven har hatt. Slike faktorar blir *ikkje* korrigert for med forventingsindikatoren eller teke omsyn til på anna vis i den statistiske analysen. Analysane i kap. 2.6 gjev altså *ikkje* solid statistisk støtte for konklusjonen som trekkast her.

**4) Analysane kan *ikkje* seie noko om effekten av å endre skule- og tilbodsstruktur:** Analysane er gjort for eit gitt utval elevar som har hatt eit gitt skuletilbod. Dersom skule- og tilbodsstrukturen blir endra er det venteleg at det vil endre fleire av faktorane omtalt i pkt. (3) som samvarierer både med bortebuar-faktoren og med gjennomføringsgrad. Det vil gjere at utvalet av elevar som blir bortebuarar *ikkje* vil vere samanliknbart med utvalet som ligg til grunn for analysen som er med i kunnskapsgrunnlaget. Om føremålet med å ha med analysane var å argumentere for at nedlegging av skular og skulestadar *ikkje* vil svekke gjennomføringsgraden, så vil det vere å gå utover gyldigheitsområdet til analysane.

Når det i førebuinga av saksframlegget vart valt å inkludere kvantitative analysar så må dei som skal fatte vedtak i saka kunne krevje at analysane er korrekte, gyldige og relevante for at dei skal leggje vekt på dei. Manglane eg har peika ovanfor talar mot dette.

Eg sender dette høyringsinnspelet som privatperson på grunnlag av det eg har av vitskapleg erfaring generelt og utan nokon ekspertise innan utdanningsvitskap spesielt. Men tilnærminga mi har vore lik den eg bruker i fagfellevurdering for vitskaplege tidsskrift. Fagfellevurdering er ikkje noko eg blir lønna for i jobben som forskar, men det er noko eg jamleg gjer fordi det er del av samfunnsoppdraget vårt: Før forskingsarbeid kan aksepterast for publikasjon er det viktig at det kvalitetssikrast for å syrgje for at konklusjonar i den publiserte forskingslitteraturen er solide, altså at dei er understøtta av data og fylgjer logisk frå argumenta som er basert på desse data. Kunnskapsgrunnlaget bak eit saksframlegg er ikkje ein vitskapleg publikasjon, men krava til etterretteleg og etterprøvbar argumentasjon bør gjelde likeins. Hovudskilnaden er at om eit saksframlegg blir akseptert på trass av at det byggjer på svake konklusjonar så blir dei samfunnmessige konsekvensane mykje større.